

Varhaugbuen

BLADET FOR BYGDA VÅR • NR. 1 2010

Bustadbygging
og folkevekst


Sjakk matt

Karneval på
Homlabølet

Hjelp til
Russland

Innsamling til
Haiti

Det STORE
korslaget



”VINTEREN HE
VÅRE DRYGE!”

Utpå vetteren stundom eg tenkjer

Det ligger et land mot den evige sne. Bjørnson sin fedrelandssang frå 1859 hamrar i hovudet mitt, i takt med ei litt for laus aluminiumsplate mellom to av siloane i søre enden av løa. Vindkasta frå søraust, altså frå Sibir, Elgane, Refsland, Skretting, Lobekk og Håland samlar styrken og mobiliserer som alltid til eit konsentrert stormangrep mot den alt for dårlig vedlikehaldne løa mi. Og eg veit allereie tidleg på kvelden at eg kjem til å liggje vaken under dyna og lytte til dei ulike lydane. Lydar som liknar mest på eit ustemt slagverk, betjent av ein LSD-rusa flowerhippie frå Woodstock.

Og i morgon veit eg at eg må bruke 10 minutt på å samle opp små og store fragment av giftig eternitt som har slitt seg laust frå løetaket som var nytt ei gong i prehistorisk tid. Den gongen eg var tre år og så vidt bleietørr og puppavvendt. I det Herrens år 1965.

Hun strødde sin sne over fjellbratte li. Bjørnson har festa grepet kring meg der eg strevar meg fram gjennom tunet med piskande horisontalsnø mot andletet. Slepande på ein vedsekk, med tresko i blå plast på føtene, ikledd joggebukse og ein grøn, tjukk Geno-jakke som reklamerer for frisk norsk long-life storfesæd.

- Bjørnson var ingen varhaugbu, tenkjer eg medan eg freistar å samle krefter dei siste metrane før bakgangsdøra og varmen innføre. Ein Bjørnson frå Varhaug hadde ikkje skrive "strødde sin sne". Han hadde truleg skrive: (Hun er Mor Norge) - *Hun blåste sin sne med stor kraft fra sydaust – og truet hver jærbu langt inn i sitt naust*".

Eit hylande stormkast trugar med å rive døra av hengslene når eg opnar døra. Pus, som har vore ute i eit nødvendig ærend, nyttar høvet og smett inn i ei fart som han skulle hatt ein totrinns rakett med

flytande nitroglyserin i stussen.

Eg og pus er lei av vinteren. No vil me ha vår og tiver. Me vil ha 500 millimeter regn mot klaken. Me vil ha dei hjelmkledde entreprenørane og gravemaskinane og traktorane og lastebilane og aggregata og pumpene tilbake på plass i alle hola i Prestakrysset, slik at dei kanskje, kanskje, kanskje blir ferdige ein gong. Kanskje vel optimistisk, men eg set mi lit til at det er lagt asfalt og laga ordna trafikktilhøve ein gong før haustferien i 2011.



Ja, eg veit at eg har skrive om verdas navle, Prestakrysset, før. Men eg greier ikkje å late vere å undre meg over kvifor alt grave- og anleggsarbeid tek så lang tid i dag, samstundes med at utstyret aldri har vore betre og arbeidarane aldri har vore meir kompetente. Det vere seg utbetring av eit vegkryss, utskifting av kloakk- eller vassrøyr eller legging av ein eller annan kabel, slange eller leidning eller kva det no er dei puttar ned i grøftene. Prosjekt som, ifølgje mitt svært enkle hovud, burde blitt utført på ein dag, eller helst natt, tek veker eller gjerne månadar. Kvifor drog arbeidet med til dømes undergangen ved Buevegen og Tjemslandshagen barnehage ut i det uendelege? Medan NSB, som elles ikkje får noko til å trille på skinner for tida, tryllar fram ein undergang i

**NORGESHUS**
Varhaug
jonharald@norgeshus.no



HÅ REGNSKAP OG DATA
Daglig leder: Rune Odland
Autorisert regnskapsfører
Rådhusgata 2, Boks 104, 4368 Varhaug
Tlf. 91511088 E-mail: runeo@hrd.no

Maskinstasjon:
■ Skuttesking
■ Traktor og dumper

Verksted:

■ Salg av landbruksutstyr
■ Salg av landbruksdekk/teiger
■ Reparasjon av landbruksdekk
■ Service og reparasjon av traktor og landbruksutstyr



JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim
Kontaktdt.: 4360 VARHAUG
Tlf. 51 43 95 08
Mob. 95 82 82 10 / 97 72 99 58



løpet av nokre få nattetimar.

Tidlegare var det berre sjølv Tigerstaden som var kjent for sine mange, nærast permanente, opne hol av ulik storleik, djupne og føremål. Me, som ikkje veit betre, må vel berre konstatere at no har fenomenet kome til Varhaug – truleg for godt.

No har eg sikkert såra yrkesstoltheita til mange som utmerka godt kan forklare det som for meg er eit stort mysterium. Eg ønskjer å sikre meg ved å be om orsaking til følgjande: Kong Vinter, Bjørnstjerne Bjørnson, Vår Herre, Mor Norge, mor, hustru, Hå kommune, alle jærseke entreprenørar, NSB og Pus.

Føremålet med denne artikkelen er som følgjer: Ved å skrive denne artikkelen i god tid før han kjem i postkassane på Varhaug, kan det svært godt hende at eg har bomma totalt på emnevala mine.

Det ville vore heilt typisk uflaks for meg, at når du les dette så ligg Varhaug-bygda bada i varmt og vårleg sollys. Klaken er berre eit vagt minne frå ein vinter som eingong var. NSB går på skinner og held tidene utan forseinkingar. Og rundkøytinga i Prestakrysset er fiks ferdig, med alle hola forsegle for godt. Kanskje det til og med har spirt nytt liv i gamle Coop?

God vår frå Sjur



Varhaugbuen

Desse laga står bak Varhaugbuen: Varhaug bondelag, Varhaug bygde-ungdomslag, Varhaug bygdekvinne-lag, Svala 4H, Varhaug Misjonshus, Varhaug Bedriftsforening, Varhaug Skulemusikkorps, Varhaug Frå-haldslag og Vennelaget for Lerbrekk Skule.

Styret for Varhaugbuen er:

Leiar

Jon Harald Håland, bedriftsforeninga

Nestleiar

Per Arvid Jakobsen, misjonshuset

Sekretær

Kristin Søyland, bygdekvinnelaget

Kasserar

Jone Bryne, Svala 4H

Styremedlem

Sigbjørn Varhaug, Vennelaget

Lerbrekk skule

Varamedlem

Steinar Malmin, skulekorpset

Varamedlem

Sverre Aanestad, fråhaldslaget

Redaktør

Liv Hobberstad

Me har valgt å ha med det gamle kapellet på Varhaug som eit "kjennemerke" for bladet. Kva passer vel betre då enn å ta med eit av versa om kyrkjegarden av vår store poet Elisabeth Reiestad - 1906-1978.

*"Det ligg ein kyrkjegard ved hav
i still og einsam ro.*

*og graset legg om namnlaus grav
ein gløymlekleddnad god.*

*Men ein og annan merkestein
held fast eit minne enn
der han står vakt om deira bein
som levde i vår grend "*



Bustadbygging og folkevekst i HÅ, planlagt og verkeleg



Tabellen nedanfor viser talet på bueiningar som har vorte bygd i Hå frå 2003 til 2009 i dei ulike tettstadane. Til høgre syner kva som var planlagt ihht kommuneplan i same periode.

	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	Bygd på 7 år	Planlagt for 7 år
Nærbø	74	76	117	80	169	70	64	650	325
Varhaug	21	20	12	16	72	22	46	209	143
Vigrestad	6	31	13	15	20	11	12	108	85
Stokkalandsmarka	3	8	6	12	7	13	1	50	98
Brusand	4	0	2	0	3	4			
Ogna	5	0	0	1	2	0		117	105
Sirevåg	1	23	17	7	32	8			
I alt	114	158	167	131	305	128	131	1134	736

På Nærbø er det i perioden f.o.m. 2003 t.o.m. 2009 bygt 325 fleire bueiningar enn planlagt, dvs. ein auke på 100 %.
 På Varhaug er det bygt 66 fleire bueiningar enn planlagt, dvs. ein auke på 46 %.
 På Vigrestad er det bygt 23 fleire bueiningar enn planlagt, dvs. ein auke på 27 %.
 I Stokkalandsmarka er det bygt 48 færre bueiningar, dvs. ein reduksjon på 49 %.
 For tettstadane i sør er det bygt 12 fleire bueiningar enn planlagt, dvs. ein auke på 11%.



BETONGARBEID - TREARBEID
 Møllenvn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79

VARHAUG hud- og fotterapi

v/ Heidi Dubland Bø

Føttene trenger også fagfolk !

Mandag og torsdag 15 -19
 Tirsdag og fredag 9 - 15



Tlf. 51 43 13 69 / 412 76 679 Varhaug (2. etg. SR-bank)



Varhaug Servicenter AS
 Tlf. 51430233 - 4360 Varhaug
www.varhaug-servicenter.no



Tabell nedanfor viser planlagt auke i bustadbyggeprogram i gjeldande kommuneplan i forhold til den som galt t.o.m. 2006

Krins	Bustadbyggeprogram for planperioden t.o.m.2006 (tal bueiningar per år)	Bustadbyggeprogram for planperioden 2007 -2022 (tal bueiningar per år)	Planlagt auke i Kommuneplan som gjeld frå 2007- 2022
Nærbø	40	55	15 x 16= 240 (71%)
Varhaug	17	25	8 x 16= 128 (38%)
Vigrestad	10	15	5 x 16= 80 (23%)
Stokkalandsmarka	17	10	Reduksjon:7x16=112 = - 33%
Sør	15	15	0
Sum HÅ	99	120	21x 16= 336 (100%)

Tabellen nedanfor viser:
Folketal og folkevekst i tettstadane i perioden 2002 - 2009

	Folketal januar 2009 i tettstadane	Folkevekst frå 2002 -2009	Samla vekst i tettstadane 1432
Nærbø	5881	1042	72 %
Varhaug	2619	380	26 %
Vigrestad	1850	10	0,7%
Brusand	395		
Ogna	376		
Sirevåg	455		

Folketal i Hå kommune 2009: 15 438
Folketal i Hå kommune 2002: 14 202

For Varhaug sin del syner desse tabellane at det er god folkevekst og bustadvekst på Varhaug, I snitt dei sist 7 åra ca. 30 bustader i året. Folke auken dei siste 7 åra i snitt 54 pr. år, som er lik 2,4%. Denne veksten er om lag som gjennomsnittet for kommunen, men lågare enn Nærbø.

Det er klart ein samanheng mellom bustadbygging og folkevekst, spørsmålet er berre kva som kom først; høna eller egget?

For Varhaug bedriftsforening: Jon Harald Håland (leiar)

Vil du gje eit bidrag til Varhaugbuen?

Som tidlegare år legg me ved ein giro i første utgåva av 2010.

Me vil her få takka for alle bidraga som kom inn i 2009 med heile kr. 12.700. Dette tykkjer styret og redaksjonen er heilt fantastisk, og me ser det som eit prov på at Varhaugbuen vert sett pris på både her i bygda og elles. Det er alltid gildt når ein føler at bygda er med oss i det ein driv med. Varhaugbuen vert sendt gratis til alle husstandane på Varhaug, og skulle det vera nokon som ikkje får den pga at me ikkje finn postkassen eller de har postboks, vær grei og sei frå om det til Liv (94 13 50 16). Dei som ynskjer bladet utanom Varhaug, kan abonnere på det for kr. 200 pr. år.

Liv

Vennelaget for Lensmannsgarden

Har årsmøte onsdag 24. mars kl. 1900 i løa til Kari og Lars Nord-Varhaug på Reiestad.

Sjakk matt på Varhaug



Fortsatt har me ikkje spelning i gang på Varhaug,- men dersom nokre vil vera interessert, så vil me starta opp ei gruppe her og.

På Vigrestad speler me sjakk på torsdagar kl 1730-1845. Me held til i det gamle biblioteket, (ved jernbanen) i dei nye lokalane som no er "kulturtorget Vigrestad".

Sjakk for vaksne: Fortsatt er det ikkje gjort meir for å få starta Jæren sjakkklubb på M44. Men for interesserte er det høve til å koma til Vigrestad torsdagar mellom 1900 og 2100. Her er det ei gruppe som spelar i same lokala som skulesjakklaget, rett etter at ungane er ferdig.

I fjor haust deltok eit lag frå Vigrestad storskule i "Rotary lagsjakk" mesterskap, og dei vann kvalifiseringa.

Onsdag 10. februar var det finale, og laget frå Vigrestad vart nr 4, men hadde bestebordspeler på både 1. og 4.bord.. Spelarane var David Gulaker, Martin Nilsen, Magne Stangeland Hårr og Erlend Haaland., sjå bilete.

14. februar arrangerte med HÅ SSM (Skolesjakk-mesterskap). Alle skulane i Hå hadde fått beskjed om dette, og me hadde fått signal om at 5-6 elever frå Motland ville komme og ta del, men dei kom ikkje, men det vart likevel 18 deltakarar i turneringa. Alle dei 18 er med og spelar på torsdagane. 8 deltok som nybegynnarar medan 10 hedde spelt sjakk så lenge at dei var i "mester"-klassen.

Opplegget var: introduksjon og tips, og 3 runder med sjakk før pause med pizza og brus. Deretter var det 2 rundar med sjakk medan foreldre hadde årsmøte med val av nytt styre (det vart attval), og vedtak av statuttar for Hå skulesjakk. 2 store vandrepokalar sponsa av næringslivet på Vigrestad vart sett opp for eit år sidan, ein i kvar klasse til den skulen der vinnarane går..

Resultat av turneringa vart slik at dette året går begge vandrepokalane til Vigrestad storskule. Turneringa gikk over 5 runder. Fleire plasser ble avgjort på kvalitet, som er summen av motstandernes poeng.

Nytt stort arrangement:

Hå skulesjakk har sagt seg villig til å arrangera "KM i sjakk for skulelag" søndag 14. Mars på Varhaug Misjonshus. Dette vil foregå mellom kl 11 og 17, og ein reknar med om lag 100 deltakarar er med i 4-mannslag, pluss foreldre og andre interesserte. Servering av mat og drikke vert ein ny stor dugnadsjobb for foreldre og styret i klubben.

Med sjakk helsing frå Per-Arvid

Resultat av nybegynnerklassen

1. Hamid Yadgari	4p	(kvalitet 13.5)
2. Jonas Apneseth	4p	(kvalitet 12)
3. Jon Albert Tveita	4p	(kvalitet 10.5)
4. Even Håland	2.5p	(kvalitet 12)
5. Bernt Håland	2.5p	(kvalitet 11)
6. Ådne Aniksdal	1.5p	(kvalitet 14.5)
7. Jonatan Løge	1.5p	(kvalitet 13)

Resultat av "mester" klassen, de som har spilt sjakk en god stund


1. Magne S. Hårr	5p
2. David Gulaker	4p
3. Guri Høidahl	3p (kvalitet 15)
4. Erlend Haaland	3p (kvalitet 13)
5. Martin Norheim	2.5p
6. Mathias Gulaker	2p (kvalitet 13)
7. Sven Lassen	2p (kvalitet 12,+3)
8. Sverre Nærland	2p (kvalitet 12, +1.5)
9. Eilin Auklend	1.5p
10. Josef Auklend	0p



Hå SSM



Hå SSM



Rotary lagsjakk

Frå redaksjonen



Å snakka om veret er noko me alle gjer, meir eller mindre.

Enten så klagar me over at sommaren er for kald og vinteren for sur, eller så bles det for mykje og får me ein ekstra fin sommar så klagar sandeleg folk då og; alt dei har i hagen visnar vekk. Å snakka om veret er og ein enkel måte for folk å starta ein samtale med

Eg kan nok heller ikkje seia meg fri for litt ver snakk og klaging på veret av og til. Men når me tenker etter så burde me ikkje ha lov til å klaga på litt vind, mykje regn og slik som i år; alt for mykje, og alt for lenge med snø. (Det siste kan det nok gå an å klaga litt over sidan me nå har hatt snø sidan 19/12-09).

Nå har det den siste tida rulla innover oss dei store jordskjelva både på Haiti og Chile og flaumar og jordras både her og der. Nå har me og her i landet både snø- og jordras, men det vert bitte lite i samband med det som skjer ute i verda. Så i staden for å syta over denne snøen, burde me vera takksame for at me har det så godt her i Norge Det er me nok og, det er berre ikkje så ofte me gir uttrykk for det.

På det lokale planet har det og vore litt uro dei siste dagane. Eg tenker her på idrettslaget. Men eg vonar at dette vil gå seg til etter kvart, og at det nye styret klarar å samla bygda til "Me er best saman". Me får ingen ting til i lag og organisasjonar dersom me ikkje arbeidar saman, og dreg i same retning til beste for laget og bygda. Og idrettslaget er vel det beste me har både for små og store.

Eg tenker ofte på "stassjoen", som nå på ein måte er delt i to. Kva skal skje

fortsetter side 9

Karneval på Humlebølet



Tysdag 16. Februar kom prinsesser, riddarar, dyr og spidermenn til Humlebølet på misjonhuset.

Alle dei flotte borna fekk synt seg fram i kostymene sine medan me song songar som passa til kostymene. Både ungar og vaksne koste seg med pølse og saft før me avslutta samlinga med stolleik og "katten i sekken".

Kristin Søyland



Humblebølet på tur til Metro lekeland!

Ein tirsdag i slutten av oktober samlast me til Humlebølet ,som me ofte gjer på ein tirdag kl.10 , men denne dagen reiste barn og vaksne til Metro Lekeland på Forus. Eit par fedre, mange mødre og endå fleire unger , alt frå babyer til førskule unger ,me var ca 50 stk.som leika og kosa oss i kjeppkunneler, klatrestativ, sklier og mykje, mykje meir. Mat høyrer med på eit vanlig Humlebøle og når me var på tur var maten ekstra viktig, dei fleste nytta seg av plassens

meny: pølse+ drikke, men nokre av dei vaksne likte betre husets toast! Dei som var med valgt sjølv kor lenge dei ville vær og det var stemning for at Humlebølet måtte ha ein ny tur til hausten.

Humblebølet er eit tilbud for born frå 0-6år i lag med ein voksen har du anledning kom på misjonshuset ein tirsdag kl.10.-12 .

Solfrid A.Kydland



fra side 9 "Frå redaksjonen"

med det som er i midten? Når banken flytter til Stuelandbygget vert det og ledig lokale her. Kva med å nytta dette til bibliotek på Varhaug, det hadde vore midt i blinken.

Eg er optimist av natur, så eg reknar med at folk etter kvart vil etablere seg med eit eller anna i dei tome bygga, slik at me atter kan få eit levande sentrum i Varhaug.

Liv

Litt om SR Bank

Det har vore ganske mykje om SR Bank i media i det siste. Nå skal ikkje me her i Varhaugbuen blanda oss for mykje opp i det. Men eg tykkjer det er litt feil at banken her på Varhaug ikkje orienterte kundane sine om at det med å få pengar berre 3 dagar i veka vart endra . Eg sa til banksjef Garborg på pensjonistmøtet på Vigrestad nyleg at dette ville eg skriva litt om i bladet, og det vart ho glad for.

Det er altså slik som før på Varhaug. Her kan du ta ut pengar kvar dag som før, både i automaten og inne, og dette vil dei halda fram med når dei flytter over til Stuelandbygget seinare på våren. I alle fall ut 2010, fekk eg beskjed om i banken 19. februar.

Liv

Årsmøtet i Varhaugbuen

vert på INTERNATET
måndag 19. april kl. 19.30.

Kvar organisasjon som er medeigar i Varhaugbuen har høve til å møte med ein representant med røysterett. Men møtet er opne for interesserte observatørar utan røysterett. Saker de ynskje å ta opp på årsmøtet, bes sendt til styret innan 1. april.

Frå dalstroka innafør

Kristin Søyland er styremedlem i Varhaugbuen, og ho er engasjert bygdekvinnelaget, TINE, bankråd og andre organisasjonari bygda. Ho kom til Varhaug på slutten av sist århundre, etter at ho forelska seg i ein kjekk bonde med utsikt til sjøen.

Kristin er fødd og oppvaksen i Gjesdal. Her budde ho på garden Søyland, gjekk på skule på Ålgård og dreiv sine fritidsaktivitetar i Gjesdalbygda. Ho har vore aktiv i 4H og vidare engasjert seg i Bygdeungdomslaget (BU). Kristin stadfestar at tida i 4H og BU har vore veldig lærerik. Her har alle fått mykje ansvar og utfordringar og fått prøvd seg i ung alder med tanke på styreverv, leia møter, opptre og å arrangera. Ved sida spelte ho handball og hadde ein fjording som ho køyrde inn gjennom "Hest og O L". Det var mykje arbeid og veldig spanande å få ein to år gamal hest til å verta trygg i trafikken, uredde for fyrverkeri og skot, halda plassen sin i kolonne og å dra tunge lass over lengre strekningar. Ekstra stas var det sjølvsagt å få reisa som sekstenåring og delta som hestepassar under dei olympiske leikane i 94.

Kristin er nummer 3 i syskenflokken, og med to gardsinteresserte brør visste ho at bondeyrket ikkje ville verta aktuelt for hennar del på heimegarden. Difor tok ho allmenn utdanning, med hovudvekt på historie, kunsthistorie og nordisk språk. Utdanninga kjennest litt vekk-kasta når ho går i gris-huset på Reiestad og saknar kunnskap om dyr og føring, men det kan endra seg.

Gjennom Bygdeungdomslaget såg Kristin ein flott, mørk varhaugbu som ho ynskta å læra meir å kjenna. Då ho var tillitsvalt sentralt i Norges



Arkivfoto: Jærbladet

Bygdeungdomslag, reiste ho mykje til Oslo og elles rundt i landet, men hadde Kvednarudlå på Reiestad som base. Sidan har ho budd i Varhaugbygda med Ingve, fått 3 ungar og gler seg over å sjå sjøen frå gardsromet og kjenna vinden ruska godt i kroppen. Då kjenner ho seg levande. Kristin tykkjer òg ho har blitt svært fint motteken i bygda. Ho opplever at om ein er positiv og engasjerer seg i lag og foreiningar, så vert ein oppfatta som ein ressurs og ikkje som ein inntren-gjar. Varhaug har så mykje flott å by på; mange trivelege folk, eit rikt organisasjonsliv, godt togtilbod, sjøen som eit fantastisk utgangspunkt for turar med både liten og stor og eit supert sykkelterreng. Når tantungane frå dalstroka innafør kjem på besøk, er det obligatorisk med ein tur for å sjå på toget som går forbi, ta toget til Bryne og ein sykkelstur til "strondå" for å sjå kva som finst der. Slektstrefet det eine året gjekk ein vinterdag frå Grødaland til Varhaug.

Særskilt når venner frå andre stader i landet kjem på besøk, ser ein kor fantastisk og eksotisk naturen her er. Dei er himmelfalne over alt arbeidet som ligg i dei endelausa steingardane, den store himmelen, lyset og det berre landskapet her. Som "turistvertar" hadde det vore triveleg med fleire opplysningsskilt i naturen, slik at ein fekk eit lite innblikk i skipsopphogginga på Nord-Varhaug medan ein stod i steinane der, eller om tarebrenning der det har foregått, og så vidare... Då tek ein vare på den spesielle historia som ligg i bygda, byggjer identitet til Varhaugbuar og krydrar turopplevinga for turistar.

Kristin er så beskjeden at ho ikkje sa eit ord om at ho har vunne NM i maskinmjølkning 6 gonger. Siste gong under VM i saueklipping i Bjerkreim 2008.



4H møte 20.04.09 med besøk av Røde Kors

Tysdag 20. april hadde Svala 4H invitert Nærbø Røde Kors til møtet. Vi hadde lyst å få lære enkel førstehjelp. 1 leiar og 3 medlemmer frå Røde Kors Ungdom møtte opp. Dei fortalde litt om kva Røde Kors står for, og kva dei gjer i lokallaget. Ungdommane viste oss korleis vi kunne stoppe ein blødning, legge ein person i stabilt sideleie og å lage frie luftveier. Medlemmane blei delt inn i 3 grupper for å prøva og utføra den same førstehjelpa som Røde Kors medlemmane hadde forklart og vist. Alle fekk utføra førstehjelp på ein annan person. Både store og små medlemmer tykte det var interessant og lærerikt. Til slutt hadde Røde Kors medlemmane oppsummering av opplæringa. Medlemmane svarte ivrig på spørsmåla, og viste at dei hadde lært mykje om enkel førstehjelp. Viktig informasjon for både store og små.



Og vinteren held fram

I dag skriv me 2. mars, og til vanleg har me det vårleg på denne tida, berre ikkje i år. Nå har me hatt snø i 73 dagar i følgje lokalen, då dei snakka med metrologen tidleg i dag morgon. Og vinteren er ikkje slutt, for i dag var det mellom 3 og 11 minusgrader i fylket, og det ville koma meir snø. Kor lenge me ville ha vinterveri i tida som kjem, var det vanskeleg å seia noko om. Me ville ha det kaldt og meir snø skulle det koma. Kanskje om ei veke kunne det verta litt varmare.

Dei fleste er ganske leie heile snøen nå. Mange bønder slit med fulle gjødsellager, idrettslaga slit med snø på fotballbanane. Både eldre og yngre slit med glatter vegar og dårleg brøyta fortau, så det er vanskeleg å koma seg ut. Dei med rullator og rullestol har det i grunnen verst. Det har vorte mykje inne ver for dei i 2010.

Men det er ikkje så mykje me kan gjera med dette. Kanskje bør me berre prøva å kosa oss over dei fine kvite markene, og ikkje minst alle dei flotte vindstille og solfylte dagane me har hatt og at me kan ta skiturar i nærmiljøet.

Bilet tekst:

Det går nok lang tid før ein her kan spela fotball eller ta til med vårvinna. Varhaugbuen i 2009, 2008 og 2007 hadde utsprungen krokus og andre vårblomar på framsida, men dei kan eg sjå langt etter nå. Der det vanleg plar koma slike, ligg det nå digre snøfenner.

Liv



SLÅING • RAKING • PRESSING

ÅNESTAD
MASKINSTASJON

Jarle 97 67 03 63 • Erlend 90 08 14 10

HAUCK
PORTSERVICE AS

A: Varhaug - Opstavn. 623 - N: www.hauck.no
T: +47 51 43 05 66 - F: +47 51 43 13 55



RÅDHUSGT. 3, VARHAUG • TLF. 51 43 10 18

På hjelpesendingstur med stiftelsen "Hjelp til Russland"

Historien for min del starta då eg skulle feire rundt år i fjor. Det å vær i lag med og samla slekt og venner tykjer eg er gildt, siden eg har det meste eg treng (og det eg ikkje har, treng eg strengt tatt ikkje!) oppfordra eg gjestene til å gje ei pengegåve til stiftelsen "Hjelp til Russland" (HTR). Grunnen til at det var HTR var enkelt

— t gode Aarslands-venner hadde vore på tur med og fortalde om arbeidet som Steinar Harila står i fronten for. Siden eg skulle gje pengane til dette arbeidet, hadde eg veldig lyst til å sjå med egne auge koss HTR arbeidde. Tidlig ein fredagsmorgen i byrjinga av november reiste me frå Varhaug til Kr.sand. Derfra gjekk turen med buss gjennom sør, Norge, gjennom Svergie, gjennom Finland og til Russland nærmere bestemt byene Vyborg og St.Petersburg. Me hadde to busser, den eine bussen var kombi buss som var less full av klede, leiker og julegaver og i den andre bussen var det også fullt av hjelpeutstyr, toalt var me 42 stk på tur. den yngste 9år og den eldste 78år. Det var ikkje bare eg som var på 1.turen og då turen var over sa eg at det ikkje blei den siste, og fleire av dei som hadde vore på tur før hadde vore på utalligeturer. - det var noko som rørte ved ein på turen som gjorde at ein føler behov for å reise dit igjen. Opplevsane var mange og sterke, no var det gjort masse flott arbeid så bygningmessig var det fint dei fleste stadane me besøkte, men dei som hadde vore der før kunne fortelja om korleis det såg ut og kva det lukta i dei ulike plassane me besøkte. Møte med dei ulike menneska var og sterke, kvinner, menn og ungdom i fengsla, eldre og born, dei som arbeidde og måtte stole på at HTR gav dei økonomisk støtte til å drive arbeid på sjukehus, fengsel og barnehjem. Opplevsane som var

på møtene me hadde, når sang, musikk, vitnesbyrd talte til oss frå Norge og dei Russiske og kjenna at Gud elsker alle og at han ikkje har stengsler og språk barrierer slik me mennesker ofte har. Me fekk og tid til å være litt turist, sjølv om det vart grell kontrast mellom å være turist og være på hjelpesending. Då me var i St.Petersburg på sightseeing og styret for HTR var og skulle sjå på eit "nytt" prosjekt i eit fengsel der mange av fangene skulle føde eller hadde født - og sanitær og buforhold var utfordringa. Inntrykka var mange og då eg kom heim gjekk det fort mot jul og advent. Med god hjelp av mann og barn laga me garasjen om til cafe, me sende rundt løpesedlar og me hadde adventscafe ein lørdag i desember. Naboe og venner kom for å kjøpe bla grøt, taco-pai, kaker, og mykje anna godt.

Då snøen kom og sola varma, rettere sagt onsdag 3.feb, inviterte me til skicafe, det resulterte i at born og vaksne koste seg i snøen med ski og kjelker, kakao og kaker.

Desse tre innsamlingane har gitt ca 12.000 til arbeidet HTR driv + at eg fekk oppleve arbeidet på eigen hånd.

Ps. Ein treng ikkje reisa på tur, eller arr. cafe for å hjelpe. Hja Oddrun og NilsTerje Årslund er det mottak av klede/sko/leker etc. som kan brukast til hjelpesending, det betales 50,- for sekken som transport, og kjem fram til Russland enten på vår- eller haustturen. HTR har eiga nett side om du vil lesa meir om arbeidet og kva "Hjelp til Russland", www.helprussia.no Ungdomslaget på Varhaug har "Hjelp til Russland" som eit av sine to prosjekt.

mvh Solfrid Anita





TEMAKURS: Rogaland bygdekvinnelag

5. og 6. februar arr. Rogaland bygdekvinnelag kurs på Quality Airport Hotel, Sola .

Ca 50 damer fekk 2 dagar med mykje påfyll desse kursdagane. Tema for fredag var "Legg livet ditt i farger" – med Karen Roed (som er godt kjent her på Varhaug etter maleriutstillingane ho har hatt på Lerbrekk) Denne dama synta at ho kan meir enn å mala bilete, så her var det mykje å læra om dei ymse fargane.

Etter middagen stod Eva Aniksdal for programmet, og her vart det litt av kvart med både bøy og tøy. Noko som gjorde godt etter at sikkert dei fleste av oss forsyn- te seg meir enn ein gong av den gode maten og ikkje minst alle dei gode dessertane.

Lørdagen var tema "På godfot med deg sjølv". Her hadde Inger Karin Larsen eit veldig engasjerande foredrag i 2 økter. Det handla om eigenutvikling, og det å setja seg mål i livet til å arbeida etter. Å setja opp ein plan over kva som er viktig, og som bør gjerast nå, eller ein plan som ikkje nett treng gjerast akkurat nå, det er noko alle kan gjera. Det gjeld berre å koma i gang.....

Eg har vore på mange temakurs opp gjennom åra i regi av RBK, men eg trur dette var noko av det kjekkaste eg har vore med på, og ikkje minst fekk eg "mykje med meg heim" til å arbeida vidare med.

Liv



Karen Roed og Inger Karin Larsen fann tonen



Her lærar damene frå Varhaug om fargane.

Gamle ord og uttrykk

Jon Harald rydda i nokre papir hos mora, og fann ein del utklipp om gamle ord og uttrykk som hadde vore i Jærbladet for ei tid tilbake.

Hesplatre, eit = tverr og vranten person.

Sadla-rau, ei = brei over baken

Gaud = sprang, hoppa -
han gaud øve garden, - gaud sin veg

Snyttå, ei = skyggen, på lua - ei snyttehua

Kjeivo = vinstre handa (den stygga hondo)

Tenkte det kunne vore gildt for mange å få friska litt opp att i desse orda og uttykka.

Retto = høgre handa

Skjerakjept, ein = ein skravlar, sterk i kjepten

Gardabikkja, ei = ei som går frå hus til hus og er svært forviten

Vedrungje, ein = ein elten guttunge

Bubleigjo = ringorm - det va den gongjen då adle kyene hadde bubbleigjo



Litt frå bygdekvinnelaget

På januarmøtet kom 2 representanter frå "Varhaugs Pulsen" og snakka om fysisk aktivitet, og om kva tilbod dei kunne gje til den vel vaksne dama. (Sjå litt om dette annan stad i bladet). Elles les Brit og Liv nokre morosame stykke.

På februarmøtet stod baking av syrekaker på programmet. Dette er gamal tradisjonskost, og Valborg Gudmestad kom og viste oss korleis dei vert laga. Valborg var veldig flink til å formidla gangen i bakinga. Ho hadde laga nokre heime, som me hadde til kaffien, mens dei ho elta under visinga vart steikte. Syrekakene smaka fantastisk godt med meierismør, med smør og brunost eller med smør og sukker. Etter matpausen les Brit Obrestad noko ho hadde skrive om vinter og snø. Ho er utruleg god til å skriva, og det var veldig gildt å høyra på henne og.

I mars vert det ikkje vanleg medlemsmøte, då det skal vera sonemøte på Orre den 11. Så den 19. og 20. mars

skal fylkesårsmøtet vera. Det er Nærbø og Varhaug bygdekvinnelag som er vertskap for møtet, som skal vera på Samfunnshuset på Nærbø. Der skal og festen vera om fredagskvelden med mat frå kafé Jærbuen.

Aprilmøtet skal vera på Lerbrekk skule. Her kjem Asta Orre og skal snakka om barndom og oppvekst på Orre.

Alle er velkomne til medlemsmøta som er opne for alle. Du treng ikkje plent vera medlem. Møta tek vanleg til kl. 19.30. Sjå etter oppslag på Mega og Spar.

I mai vert det tur til Dirdal der me skal besøkje Odd Dubland, Han skal visa oss rundt i galleriet sitt og vera med oss vidare som guide til Frafjord. Til sist dreg me til Byrkjedal for mat.

I juni skal bygdekvinnelaget som vanleg vera med under Varhaugmarken, og så vert det ferie.

Flytt sparepengene dine til oss!

Våre åpningstider:

Man-, tirs-, ons- og fredag: kl. 09.00-15.30

Torsdag: kl. 09.00-17.45

TIME SPAREBANK
- for Jæren

Rådhusgata 3 - Postboks 83 - 4368 Varhaug - 51 79 83 00
www.time-sparebank.no

Innsamling til Haiti



Skirenn, tidtaking og bønn gass

Tirsdag 9. februar hadde Varhaug skule felles ski og ake-dag. 4. - 7. trinn reiste med buss til Kartavoll, mens 1. - 3. trinn var i nærmiljøet.

Tankene til alle på Varhaug skule går i disse dager til de jordskjelvrammede på Haiti. De mangler vann, mat, medisinar og husly. Over 170 000 mennesker har mistet livet. Det er et land i

ekstrem fattigdom, og det er ikke tvil om at de trenger hjelp fra omverden.

Månedens egenskap for hele Varhaug skule er å være et medmenneske. Da passer det godt å knytte dette opp mot de som sliter på Haiti. Varhaug skule har snakket med elevene om Haiti, og at vi skal dra ut på en felles ski og ake-dag.

Elevene tok med seg 20 kroner denne dagen. Dette var frivillig. I tillegg har Time Sparebank sponset prosjektet med 2000,-, SPAR Varhaug, Lars Gaute Sport AS og COOP Varhaug BA med 1000,-. Tilsammen kom det inn 15318 kroner.

Pengene går til Redd Barnas nødhjelpsarbeid på Haiti.



Første tur på ski nokon gong. Sheryl Achieng 6. trinn



Thayanne, Camilla og Ann Elin tar seg en velfortjent pause

Varhaug bygdekvinnelag med gåve til Hå sjukeheim



Fjernsyna dei hadde på sjukeheimen var gamle, og det kom ynskje frå dei om støtte til nye apparat. I samband med OL var det gode tilbod. Varhaug bygdekvinnelag har alltid brukt basarpengane til noko i bygda, og sjukeheimen kjem og med her. Difor støtta me dette ynskje, og ein glad avdelingsleiar, Solvor Rasmussen tok imot den nye TV'n av leiaren Aud Håland.

Lions, Røde Kors, LHL og Husmorlaget på Brusand har alle gitt TV, som de forskjellige avdelingane har fått.

Dagens sitat frå Kristin

”Den så kjøbe alt han ser. Får gråda når andre ler.”

Lerbrekk skule

Torsdag 3. desember var det samla 67 (medrekna komitéen) til grautfest på Lerbrekk skule, så det var fullt hus.

Marie Bakke fortalde om gamle dagar og les dikt. Festen vart leia av Sigbjørn Varhaug, og han fortalde og nokre stubbar. Han og Brit Obrestad hadde og ein god song. Eirik J. Varhaug fortalde om senioruniversitetet, som nyleg hadde møte på Lerbrekk.


Etter åre sal og utlodning les Sigbjørn juleevangeliet og ynskta alle ei god julefeiring.

Måndag 28. desember var det juletefest med 50 gjester med stort og smått. Brit Obrestad leia festen. Det var musikk av Olaf, Agnes og Steinar. Gaute Rasmussen tala og Oddmund Nord-Varhaug var forsongar til julesongane. det var pakkar til barn, og kaffi, lefsa og kaker til dei vaksne.

O.Å.

Grasrotandel - tipping

Ein person har sytt til at det har kome inn kr. 1.385 til bladet. Varhaugbuen vil her seia mange takk for denne gåva.



Svala 4H

Årets klubb

Årets styre:

Leiar:	Ingbjörg Bratland
Nestleiar:	Marte Hauge Auestad
Sekretær:	Hanne Borsheim
Kasserar:	Helene Ånestad
Styremedlemmar:	Christine Sikveland Ruth Alice G. Håland Camilla Skrettingland

Klubbrådsgjevarar: Brit Elisabeth Bratland og May Helen Skrettingland

Foreldrekontaktar: Jon Lea, Karin Hauge og Irene Hobberstad

Då var me godt i gang med eit nytt 4H år.

Gleda var stor når me blei utnemnt til årets klubb 2009 på årsmøtet i Rogaland 4H. I den anledning fekk våre representantar overreikt ein sjekk på kr 1 000.

Dette året har vi fått mange nye kjekke medlemmar, har nå 50 medlemmer.

På bingomøtet i januar måtte me ta inn ekstra stoler for at alle skulle få sitjeplass. Kjempekjekt.

Helga 19.-21. mars reiser 11 juniorar/seniorar og 2 vaksne til Bjerkreim for å delta på eit av høgdepunkta for ein 4H-ar, nemleg storkurset. Her skal dei treffe medlemmar frå andre klubbar i Rogaland og delta på kurs. Våre medlemmar skal i år delta på kursa hud og sminke, glasarbeid, volleyball, swing, oljemaling, hest og dessertlaging.

Andre høgdepunkt i år er junior/aspirantleir 11. – 13. juni, fylkesleir Julebygda 24.-27. juni og landsleir på Moelv i Hedmark 24.-31. juli.

Alle har nå valt prosjekt og dei fleste gruppene er allereie i gang med prosjekta. Årets prosjekt er Bakeren, bli med ut, vi fotograferer, trearbeid, med pinnar og garn, elektrisitet, sau, form og fantasi, maleri og skribleri og hund, Gleder meg allereie til haustfesten når alle prosjekta skal presenterast.

Framcup søndag

7. februar 2010

Søndags morgen møtte 6 svaler klokken 8 i klepphallen, spente å klare for å bruke søndagen på volleyballkamper. Det første vi var å gjorde var å registrere spillerne på laget. Oppsette var allerede satt og vi skulle ikke spille før 4. kamp, som var mot Soldogg. Det klarte vi å ta første sett, men tapte di 2 neste. Det samme skjedde når vi spilte mot Fram, som senere vant. De 2 siste kampene gikk ikke fult så bra, selv om vi hadde mye bra spill så var både sjøsprøyt og firkløveren bedre en oss. Selv om vi tapte så koste vi oss, og fikk med pokaler som en takk for innsatsen.

Vi røk ut, men enda var det mange kamper igjen, og når vi først hadde brukt halve dagen på å spille, så kunne vi godt få med oss finalen også.

Siste kamp før finalen var nervepirrende. Det var Sjøsprøyt mot Soldogg, og vinneren skulle spille mot Gjesdals nr 1 lag, Firkløveren 1. Som tilskuer kunne en kjenne presset som lå på alle spillerne og føle intensiteten vibrere i lufta, for så å eksplodere når Soldogg klarte å ta de 2 siste poengene som måtte til for å vinne!

Nå gjenstod bare finalene, så finalen for juniorene var ute først, før seniorene fikk slippe til. I de innledende rundene ble hallen delt i 2, men nå som finalene ble satt i gang, ble hallen en igjen. Antall sett ble også større, istedenfor 3 sett ble det til 5 sett. Dermed ble finalen for seniorene satt i gang. Det var Firkløver 1 mot Soldogg som gikk inn i duellen, men det var bare Firkløveren som kom seirene derifra.

Finalen ble ikke like spenene som semien, men var gøy å se på fordeom.

Alt i alt ble det en kjekk og aktiv søndag for oss som reiste; Camilla, Helene, Rebecca, Christine, Marte og Ruth Alice.



Christine

Loddsal

Måndag 12. april får husstandane på Varhaug besøk av medlemmer frå Svala 4H, som kjem rundt og sel lodd. Ta godt i mot desse.

Styret i Svala 4H

SPARING

Opprett en spareavtale i dag!

Våre rådgivere har god kunnskap om ulike sparealternativer, og vil gi råd basert på dine ønsker og behov.

Ta kontakt på telefon 02002 eller se www.sr-bank.no for mer informasjon.



Bank. Sparing. Og deg.

SpareBank
SR-BANK

Årsmøte INTERNATET

Internatet hadde årsmøte 14. desember med 11 frammøtte, og alle 4 eigarlaga var godt representerte.

Det nye styret er: Leiar Kurt Hobberstad frå bondelaget. Sekretær Liv Hobberstad frå bygdekvinnelaget. Kasserar May Helen Skrettingland frå 4H. Materialforvaltar Olav Varhaug frå BU og styremedlem Oddvar Ueland frå bondelaget.

Ledig kontorlokale

Internatet har fine ledige kontorlokale i 1. etasje, så viss det er einkvan som treng eit krypinn, så ta kontakt med Kurt eller ein annan i styret

Varhaugmarken

For 2010 vert denne fredag og laurdag 4. og 5. juni. Lag og organisasjonar var kalla inn til møt med Markens komiteén 2. februar. Me møtte 2 frå bygdekvinnelaget, men ellers var det ganske grese frå lag og organisasjonar. Eg håpar at når det lir litt utpå våren at me blir kalla inn til eit nytt møte, slik at me får "sy" saman eit skikkeleg opplegg. Her må me alle i bygda stå saman for å få til 2 gilde dagar.

Markens komiteén er:

Morten Tjemsland,
Håvard Skretting,
Gordon Bø,
Heidi Dubland Bø,
Berit Skretting,
Britt Jorunn Berntsen og
Frank Håland.




Trim for 55 pluss

VARHAUGS
Pulsen

Trimsenteret "Varhaugs Pulsen" har som motto: "He du puls, he me trening". Senteret har mange slag aktiviteter som spinning, step, body pump og fleire andre. Pilates er det måndag og torsdag kveld. I tillegg er det og starta opp med Pilates torsdag føremiddag kl. 10.00-11.00 for vel vaksne. Då eg var innom for å ta ein kikk sist torsdag var 5 damer i full gang med strekking og bøying. (Eg går på trim på Nærbø kvar torsdag på same tid, og sidan eg nå gjeikk glipp av den, var eg og med på nokre av øvelsane her i mellom fotograferinga) Og det kan eg seia, det var god trim for både føter, mage og rygg. Pilates legg stor vekt på rett pusteteknikk, pust inn gjennom nasen og ut gjennom munnen. Når ein har rett pusteteknikk, så går og treninga og øvelsane mykje betre.

Her er det plass for fleire, så møt opp neste torsdag vel.



Ein skal tidleg krøkes...



Leiaren i bygdekvinnelaget i god gang med treninga



Kaffi etterpå

Lerbrekksbrua nok ein gong

Sist blad der me skreiv om Lerbrekksbrua, sende me til Jernbaneverket, for me rekna med at det var dei som måtte ha eit ansvar her. Men, nei. Dei ringde til Jon Harald og sa at det var Statens vegvesen som hadde ansvaret for denne. Eit blad vart difor sendt dit, men der har det ikkje kome noko respons. Denne saka vart diskutert på styremøte 8. februar. I referatet har sekretæren skrive fylgjande:

Lerbrekksbrua; saka må vida-reførast i Varhaugbuen! Det er horribelt HMS-messig! – ”Dæ æ så gale, at de æ itje te å tru!”

Styret i Varhaugbuen meiner det

er utruleg at ”verk” og ”vesen” ikkje føler noko ansvar her. Kva om det hadde hendt ei ulukke og eit barn hadde falle ned på linja? Hadde det vore barnet si skuld som ikkje såg seg nok føre og berre gjekk inn på ein veg som i grunnen er stengt?

Då eg hadde skrive dette, gjekk eg for å ta eit nytt bilete av brua. Då møtte eg ein mann som gjekk tur med hunden. Han hadde mange gonger undra seg over at ingen ting skjedde her. Men for ca 3 veker sidan var det nokre folk, han trudde dei kom frå vegvesenet, og sette opp eit provisorisk gjerde med sandsekker nede som støtte.



Kanskje har vegvesenet då reagert på bladet frå oss vår, eller kanskje frå andre? Ingen i Varhaugbuen har hatt kontakt med dette ”verket.” Eg har og vore i kontakt med lensmannskontoret om saka.

Liv



**VI HAR MANGE SPENNENDE GAVEARTIKLER
SOM DU IKKE ENGANG TRENGER Å GI BORT!**



FARGERIKE®

HALVORSEN FARGEHANDEL

Skulegata 13, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 61 00

Åpent: Man - fre 08.30 - 18.00 /
Lørdag 09.00 - 13.00

BYGG TJENESTER

• BOLIG • EIENDOM • TAKSERING

Stine og Stein Olav Omland eig og driv dette nyoppstarta firmaet. Dei held til i lokale vis á vis lensmannen, der dei tidligare dreiv byggefirma.

Nå driv dei med konsulentverksemd innan bygg og eigedom, og taksering. Stein Olav er byggmeister og sertifisert taksmann gjennom Norges Takseringsforbund.

Stine er dagleg leiar, og skal i tillegg driva med prosjektutvikling og salg.

Bygg Tjenester er eit lite firma med brei erfaring frå byggmeisterfaget. Saman har dei over 35 års erfaring innan bransjen, noko som gir tryggleik for kvaliteten i arbeidet dei leverer.

Innan taksering, kan dei tilby tenestar som; Tilstandsrapport, boligsalgsrapport, forhåndstakst, byggelånsoppfølging, reklamasjonsrapport, skadetaksering av byggverk, verditakst, bistand m.m.

Bygg Tjenester kan også tilby håndverkartjenester og tenestar innan mange forskjellige fagområder.

Har du planar om bygging, oppfiksing, kjøp eller salg, så er dette det rette firmaet å kontakte. Her kan du spare deg sjølv for mykje unødvendig arbeid med å finna dei rette håndverkarane/firma til jobben. Dette tek Bygg Tjenester seg av på ein trygg og professionell



måte. Dei har kvalitetssikra samarbeidspartnerane etter mange års erfaring fra bransjen.

Dei kan skreddersy den "pakken" du treng etter behov, og tilbyr alt frå innhenting av prisar til utfylling av nødvendige papirer og lignende. Du kan få hjelp med alt frå ev. graving til ferdig bygg, også utomhus om det er det du ynskjer.

Er det noko du lurar på, så er det berre å ta kontakt. Du kan også sjå på heimesida vår www.bygg-tjenester.no.

Det kan nemnast at då Varhaugbuen var innom kontoret deira for ein drøs, kom det inn ein som skulle selja huset sitt, og lurde på om dei kunne ordna med ein tilstandsrapport. Ikkje noko problem, sa Stein Olav. Dei gjorde avtale om ein annan dag i veka, og mannen gjekk glad og nøgd ut av kontoret.

Lit

Bygg Tjenester AS Skrågata 5, Boks 44, 4368 Varhaug
www.bygg-tjenester.no



PRODUKT SOM FUNGERER – FRA FOLK SOM HAR PEILING!



– 110 ÅR I BONDENS TJENESTE



butikken

– mer enn du tror!

Varhaug, Tlf. 51 77 14 70 • www.fkra.no

Varhaug skulemusikkorps


Varhaug Skulemusikkorps har nyleg hatt Årsmøte. Rekneskapen viser at korpset har ein "sunn" økonomi. Etter valet ser styret slik ut:

Leiar	Monika V. Ueland
Nestleiar:	Ellen Bjelland
Kasserer:	Iren Hobberstad
Sekretær:	Steinar Malmin
Materialforvalter:	Rolf Ueland
Styremedlem:	Kurt Hobberstad
1. vara	Oddvar Ueland

Elles hadde korpset nyleg helge-seminar, ilag med Hundvåg Skolekorps og Soma/Smedaheia Skolekorps. Kjempekjekt og lærerikt

Nå går korpset mot en travel, og kjekk vårsesong.

SM



VVS EKSPERTEN
DET ER RØRLEGGEREN DET KOMMER AN PÅ



RØRLEGGER TEAM AS


Opstadvegen 621, Varhaug • Tlf. 51 79 83 10

Mandag - fredag åpent fra kl. 7.00 - 16.00
Lørdag åpent fra kl. 9.00 - 13.00

Stikke-kafféen

Denne er nå flytta ove til Eldresenteret, sidan det ikkje lenger er kaffé på Mega.

Strikke-kafféen skal neste gong vera 12. april og 3. mai kl. 16.30-19.00.
Så tek me ferie til september



Det STORE korslaget

6. klasse Varhaug skule



RØD GR - song "Got my mind set on you"

BLÅ GR – song "In the jungle"

Det var forventning i lufta då det endeleg var klar for "Det store korslaget" ved Varhaug skule. Dei ulike gruppene i 6.klasse hadde, saman med kontaktlærar, øvd inn kvar sin song med bevegelser til. Spennvidda var stor; frå "Løvenes konge" til rock! Spente elevar og lærarar brukte midttimen til sminking, styling og generalprøve. 4. og 5.trinna var invitert inn som publikum. Dei stod for ei god stemning i salen under framføringane. Dommarpanelet, med hovuddommar Jan

Harald i spissen, gjorde ein framifrå jobb. Alle gruppene fekk positive tilbakemeldingar frå dommarane! Medan dei bestemte seg, song heile trinnet og publikum "Ambitions", som er kjent gjennom den norske gruppa Donkeyboy. Avslutninga var nervepirrande og jubelen stod i taket då rød gruppe, med Inger Reiestad i spissen, gjekk av med sigeren. Denne blei feira med kaker, saft og is

GUL GR – song "I love rock and roll"

GRØN GR – song "Living on a prayer"



Vigrestad Brass Band



Vigrestad Brass Band, eller VBB, består av 8 modige medlemmer som spiller av rein musikkglede, og fordi de er spesielt glad i korps. Bandet har 6 damer og 2 menn som sammen utgjør det eneste voksen brass bandet i Hå, men selv om de ikke er så mange blir det

"trøkk" når de kommer sammen og spiller. For tiden har bandet den dyktige og inspirerende dirigenten Lars Ole Bergersen som leder taktstokken, noe som gjør at øvelsene foregår på Varhaug. Som årlig tradisjon er Jærstevnet, et stevne for voksenkorps, og der er VBB trofaste deltakere. Stevne arrangeres etter tur av korpsene på Jæren, og i år er det Vigrestad Brass Band som skal sørge for at stevnet blir en glad musikalsk opplevelse for deltakerne og publikum.

Jærstevnet for amatørkorps blir på Varhaug Misjonshus
lørdag 17. april kl 14:00

Bandet ser gjerne nye medlemmer velkommen til et godt sosialt miljø med stor spilleglede, humor og et behagelig ambisjonsnivå. Vi har øvelser hver mandag og spiller gjerne opp til julestemning i desember, Jærstevner på vårparten og Vigrestad dagene o.l. på sommeren.

For mer info, kontakt Sveinung Haaland på mob.tlf. 92622296 eller på mail, sveihaa2@online.no.

Coop Varhaug

Sko tørker

SD-101

kun **299,-**

Tennbriketter

400 stk + tenner

kun **199,-**

Mat termos

til påsketuren

kun **298,-**

Fleece Poncho

holder deg varm i påskesolen
svart, rød og hvit

kun **99,-**

Tegne og malesett

109 deler

kun **99,-**

Søppeldunk i stål

34 l. x 26 b. x 58 h.

kun **149,-**



coop
Varhaug ba

Hå Senioruniversitet

Hå Senioruniversitet vart stifta 26. oktober 2009.

Føremål: "Hå Senioruniversitet er ein sjølvstendig ideell organisasjon for dei i mogen alder som har lyst til å læra meir. Ved foredrag, kurs og studiearbeid vert utvalde emne tekne opp - utan sikte på å gi formell kompetanse." (frå vedtekten).

Senioruniversitetet liknar noko på rolkeakademiet, men legg noko meir vekt på undervisning.

Første ordinære møtet var på Lerbrekk skule 10.12.09 kl 13 – 15. Rektor Ola Hovda hadde foredrag om **Mikro kreditt**. Konkret synte han korleis dette vart brukt til å hjelpa fram næringsverksemd i Usbekistan (U-hjelp).

Neste møte hadde me på Jærmuseet 25.02.10. Overlege Leik Woie tok for seg temaet: "**Kva skal eg gjera for å ta vare på helsa?**"

29.april skal Inger Tjåland og/eller Randi Espeseth Opstad orientera om det tilbodet på sjukeheimen som dei kallar "**Lindring i Hå.**" Då vert møtet på Hå Kulturtorg, avd. Vigrestad (det gamle meieri-internatet).

På møta har 30 – 40 personar møtt opp. Men me har plass til fleire.

Så vel møtt!

Eirik J. Varhaug

Stoff-frist

Neste nummer av Varhaugbuen skal ut før Marken som er 4. og 5. juni. Stoff de vil ha med i dette bladet må sendast inn seinast 18. mai til trykkeri@jprint.no med kopi til Liv

Sender du Word dokument må bildene vedlegges som egne filer.

Lerbrekk skule.

Minner om årsmøte i vennelaget- onsdag 17. mars kl 19.00.

Vanlege årsmøtesaker. Ellers vert det mat, kaffi, utlodning og god allsang.

Så får me besøk av Leif Andenes frå Bryne. Han vil fortelja om "Då Musikken kom til fjorden," - altså Åkrafjorden i Sunnhordland, der Leif vaks opp. Han er festleg å høyra på.

Medlemer og andre er velkommen. Håper mange finn vegen til Lerbrekk denne kvelden.

Vel møtt!
Helsing
Sigbjørn.

Nytt frå Misjonshuset

Vinter no, vår snart. Det er full fres på Misjonshuset, og det er sett eit overordna tema for dette året: WWJD ("What Would Jesus Do"), eller oversatt: "Kva ville Jesus gjort". Det kan verta spennande å sjå korleis eit slikt tema vert følgt opp.

For å sjå møteprogram og få informasjon om det som føregår på Misjonshuset, vil eg visa til nettsida til Misjonshuset: www.varhaug-misjonhus.no

Det er kontortid mandager og torsdager kl 1900-2100, og telefon er 51430808

Etter bygging av ny møtesal har det vært ein noko anstrengt økonomi, men no er lånetilsegna innfridd, tippemillionen er på plass og gjelda er borte. No før påske (18. mars) er det årsmøte for misjonshuset der me håper på godt frammøte, her skal ein mellom anna drøfte om dei uformelle formannsmøta no skal få ein fastare form og fungere som ansvarleg organ i misjonshuset.

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



Svolten?

Me har det mesta
som får deg
god og mett!



BØEN STORKIOSK

S P I L L O G K I O S K V A R E R

TIPPING
WWW.NORSK-TIPPING.NO



Telefon 51 43 00 99 • Fax 51 43 69 55 • Åpningstider: Mandag - fredag 10.00 - 22.30 • Lørdag 09.00 - 22.30 • Søndag 10.00 - 22.30

SPAR



- du kjenner oss

Sjokoladeplater

alle varianter store plater, 180-200 g
84,50-93,89/kg

16⁹⁰



Best
priser!

Gulost

1 kg

49⁹⁰



Gilde

Svinekoteletter

ferske, pr kg

39⁹⁰



Bananer

pr kg

9⁹⁰



Melon

Honning/Piel del sapo, pr kg

19⁹⁰



sunt & godt

Juice

1 l flaske 29,00kr

29⁹⁰



PRIOR

Varm mat - klar til servering

Kyllinglår

nygrillede, pr stk

12⁹⁰



Vi tar forbehold om trykfeil og utsolgte varer. Salg kun til private husholdninger.

- du kjenner oss på de gode tilbudene

JÆRPRINT